

HORDALAND SKIKRETS TING

Idrettens hus - Brann stadion

26. august 2021



NORGES
SKIFORBUND

.....
HORDALAND
SKIKRETS
.....

PROGRAM OG SAKSLISTE

Innholdsfortegnelse

1.	PROGRAM SKIKRETSENS TING	3
2.	SAKSLISTE.....	4
3.	SAKENES BEHANDLING	5
4.	STYRETS ÅRSBERETNING	9
5.	LANGRENNSKOMITEENS BERETNING.....	17
6.	ALPINTKOMITEENS BERETNING.....	35
7.	HOPP- OG KOMBINERTKOMITEENS BERETNING	40
8.	REKNESKAP	43
9.	HANDLINGSPLAN	48

1. Program skikretsens ting

18.00 – 20.00: Hordaland Skikrets ting

Gjennomgang av sakliste. Tidsbruk avheng av sakenes behandling.

Me legg opp til både fysisk oppmøte for dei det høver for, og digital tilgang. Dette avklarast i forkant av møtet.

2. Saksliste

1. GODKJENNING AV FREMMØTTE REPRESENTANTAR
 2. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
 3. VAL AV:
 - a. Møteleiar
 - b. Referent
 - c. 2 representantar til å underteikne protokollen
 4. ÅRSBERETNINGAR STYRE OG KOMITEAR
 5. REKNESKAP
 6. FASTSETTING AV LAGSKONTIGENT
 7. HANDLINGSPLAN
 8. INNKOMNE FORSLAG
 9. VAL
-

3. Sakenes behandling

SAK 1: GODKJENNING AV FREMMØTTE REPRESENTANTAR

Vedtak:

**Representantanes fullmakter, kontrollert av skikretsstyret, godkjennes.
... stemmeberettigede representanter.**

SAK 2: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

A. Innkallingen godkjennes.

SAK 3: VAL AV:

A. Møteleiar

B. Referent

Bernt Rusten

C. 2 representanter til å underteikne protokollen

SAK 4: ÅRSBERETNING STYRE OG KOMITEAR 2019/2020:

Sjå egne vedlegg 4-7

Forslag til vedtak:

Årsberetningar for perioden 2019 - 2021 godkjennast.

SAK 5. REKNESKAP

Sjå rekneskapsrapportar – vedlegg 8

Revisjonsuttale rekneskapsåret 2019 og 2020:

HORDALAND SKIKRETS

Org.nr 983638945

Revisjon av rekneskapet til Hordaland Skikrets 2019

Som fylgje av Koronasituasjonen som råka oss alle i starten av 2020, vart også årsrekneskapet for 2019 og handsaming av det sett på vent.

Rekneskapet for 2019 viser eit overskot med kr.95.766 før finanskostnader. Resultatet vert ført mot eigenkapital som etter dette vert gjort opp med

kr.826.369,34

Revisjon av rekneskapet til Hordaland Skikrets 2020

Underteikna har revidert rekneskapet til Hordaland Skikrets for rekneskapsåret 2020. Rekneskapet består av balanse og resultatrekneskap for 2020. Styret og dagleg leiar i Hordaland Skikrets er ansvarleg for årsrekneskapet, og at rekneskapet byggjer på rekneskapslova sine reglar om god rekneskapsskikk.

Årsresultatet for Hordaland Skikrets 2020 syner eit positivt resultat med

Kr.227.518,76 før finanspostar.

Resultatet er ført mot eigenkapital og ny eigenkapital etter dette er kr.1.053.888,10

Under revisjonen er det gjort kontroll av eit utval dokumentasjon, bankavstemming, prosjektrekneskap, kunde- og leverandørreskontro samt kontroll av diverse bilag.

Det er gjennomgåande god kostnadskontroll i Hordaland Skikrets, og det er eit oversiktleg rekneskap som vert lagt fram for godkjenning.

Eg rår til at årsmøtet godkjenner årsrekneskapet for Hordaland Skikrets og undergruppene for rekneskapsåret 2020.

Voss 12. august 2021

Steinar Røthe

Forslag til vedtak:
Rekneskapet for 2019 og 2020 godkjennes.

SAK 6. FASTSETTJING AV KONTINGENT FOR LAGA

Forslag til vedtak:
Kontingenten forblir uforandra, sidan sist oppjustering i 2015, gjeldande frå 2016.

SAK 7. HANDLINGSPLAN

Vedlegg 9.

Forslag til vedtak:
Styret og komiteane valt på kretstinget for Hordaland skikrets for perioden 2021 – 2023 utarbeider handlingsplanar basert på strategidokumentet – «Skiglede for alle» vedtatt under vårt felles Ski-ting i juni 2021.

SAK 8. INNKOMNE FORSLAG
Ingen innkomne forslag.

SAK 9. VALG
Valgkomiteens innstilling på kandidater til skikretsens styre og komiteer.

Dette vert oppdatert i dokumentet over helga og sendt ut i separat mail, så fort valgkomiteen har sitt forslag klart.

Skikretsstyret m/vararepresentantar:

Alpintkomiteen (AK)

Langrennskomiteen (LK)

Hopp og kombinertkomiteen (HKK)
Inkludert leiar i dommarutvalet.

Kontaktperson for freestyle som inngår i styret i skikretsen (FK)

Revisor

Valkomite

Styrets forslag til medlem i valkomiteen for perioden 2017 – 2019:

Forslag til vedtak:

Føreslegne medlem i styre, komitear, utval, revisor og valkomité for Hordaland skikrets i perioden 2021 - 2023 er godkjent av delegatane.

4. Styrets årsberetning

Vedlegg 4

BERETNING HOVUDSTYRET 2019 - 2021

Visjon og verdier

Hordaland Skikrets bygger sin aktivitet på Norges Skiforbunds visjon og verdier. Disse er:

Visjon:

NSFs visjon er *“mange, gode og glade skiløpere”*

Verdier:

NSFs verdier er: *“Organisasjonen skal preges av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. All skiaktivitet skal bygge på grunnverdier som glede, felleskap, helse og ærlighet”.*

Hordaland Skikrets sine hovedmål er:

- *Å skape skigleda for born og unge i Hordaland.*
- *Å tilby kompetanseheving for klubbane.*
- *Å vera ein støttefunksjon og fungere som eit bindeledd for klubbane i Hordaland for at desse skal kunne drive sin aktivitet på ein best mogleg måte.*
- *Å leggje til rette for våre skiløparar som ynskjer å konkurrere på et høgt nivå.*
- *Hordaland skikrets skal nytte sin posisjon til å påverke og fremje saker til det beste for skikretsen.*

Styret:

I perioden 2019-2020 har hovudstyrets samansetning vore slik:

Funksjon	Navn	Lag
Leiar	Johan Børsheim	Ulvik IL
Nestleiar	Fredrik Hald	IL Fana
Medlem	Eivind Blindheim	Bulken IL
Medlem	Hege Alfstad	TIF Viking
1. Varamedlem	Siri Titland Martinsen	Fana IL (fast oppmøte)
2. Varamedlem	Frode Måkestad	Kvam LSK
Leiar alpint	Bård Seterås	Fana IL
Leiar H/K	Magne Sørestrand	Eldar IL
Leiar LK	Trond Slethaug	Fana IL
Kontakt FK	Camilla Søreide	Voss freestyleklubb

2019-2020

Koronasisituasjonen

Sidan me frå 12. mars 2020 gjekk inn i ein periode med bortfall av aktivitet gjennom avlysing av arrangement, påfølgande sosial distansering og permittering av adm. sjef, så har det vore ein vanskeleg situasjon for både skikretsen og skiforbundet sentralt. Store bortfall av inntekter for Internasjonale arrangement falt bort, som gjorde at skiforbundet var tvungne til å stenge ned meir aktivitet og permittere fleire ressursar enn ynskjeleg. Dette for å sikre dei økonomiske rammefaktorane til skiforbundet også i framtida. I perioden adm. sjef var

permittert (100% frå 1. april og 80% frå 20. april og 60% frå 8. mai til 7. august) vart det ikkje gjennomført normale årsrutinar med årsmelding, årsmøte, rapportering og planlegging for komande periode. Mykje av den tilgjengelege tida vart brukt til oppfølging av dagleg drift med vinterens aktivitetar og oppfølging av styret, komitear og koronarelaterte saker rundt krets- og klubbaktivitet.

Årsmeldinga 2019-20 for hovudstyret er difor ein forseinka versjon samanlikna med andre år. Styret i skikretsen håpar at det vert denne eine gongen.

Styrearbeid

Det er avhalde 3 styremøte og 4 arbeidsutvalsmøte i perioden. Det har vore 1 telefonmøte 3 teams møte og 3 fysiske møter anten i Bergen eller på Voss. På dei 4 arbeidsutvalsmøtene har berre medlem i styret som ikkje er leiarar i sine komitear møtt. Administrasjonssjef har deltatt på styremøte/AU-møter.

Av nasjonale møter så var leiar Johan Børshheim på skiforbundets haustmøte. Frå mars 2020 vart det nedstenging av aktivitet og fysiske møter for større grupper. Det gjorde at skiforbundet gjennomførte kretsleiar møter og oppdateringsmøter for kretsleiarane via digitale plattformer våren 2020. Skiforbundets ting, som skulle vore i Ålesund juni 2020, vart utsett til juni 2021, grunna dette.

Hordaland skikrets spelte inn ei sak til skitinget, som vart avlyst, i lag med Sogn og fjordane skikrins og Møre og Romsdal skikrets. Framlegget til sak gjaldt styrking av rekrutteringsarbeidet i skiforbundet både politisk og administrativt. Framlegget til sak vert først eventuelt spelt inn att med korrigeringar våren 2021.

Administrasjon

Administrasjonssjef har ansvar for alle fellesarrangement, fellesreiser, administrasjon av terminlister, informasjon til TD'er og klubbar, tilrettelegging av styremøte og komité møte, trenarkurs etc. Sidan den ovannemnte koronasituasjonen me har vore i sidan mars 2020, så har den administrative ressursen vore fråverande og redusert frå 30. mars til 1. august. Dette har vore krevjande for styret/komiteane/skiklubbane og kommunikasjonen i vår organisasjon. I tillegg til kommunikasjonen så var det også særleg skadelidande for planlegging av aktivitet og organisering av aktivitet for haust/vinter 2020-21.

Økonomi og sponsorarbeid

Skikretsen har ein forholdsvis stabil og sunn økonomi med god økonomistyring. For rekneskapsåret 2019 gjekk skikretsen totalt med eit plussresultat på ca. 95000,- Det har gjeve styret noko handlingsrom for tiltak.

Inntektene kjem i stor grad gjennom overføringar frå skiforbundet, idrettsforbundet, tildelt pott av overskot frå bingoentreprenør Max spill AS og momskompensasjon basert på skikretsens omsetningstal. For året 2019 kom skikretsen ekstra godt ut av dette, sidan fordelinga av momskompensasjon vart fordelaktig for omsetning i vår størrelse under 5 million. Skikretsen har inntekter på antal startande løparar i terminfesta renn. Dette er midlar som går direkte til komiteane og felles tiltak for grein. Deltakinga på våre kretsrenn har vore

dårleg inneverande sesong, både med ein reduksjon i antal deltakarar før korona med både avlysingar grunna manglande snøforhold og avlysingar/flytting av renn på grunn av manglande snøforhold.

Arrangement

Hordaland skikrets har vore arrangør og medarrangør på fleire ulike arrangement i inneverande periode. Her kan nemnast:

- Haustcampen 2019 med ca 80 deltakarar mellom 11 og 15 år. Alle greiner.
- Sumarcamp 2019 i Jondal med cirka 45 deltakarar mellom 11 og 15 år. Langrenn
- Organisert prosjekt med basisanlegg i hardanger i lag med hopp og kombinertkomiteen.

Med i prosjektet var Sjusete, Bavallen, Framnes og Korlevoll. Dette arbeidet innfatta tilrettelegging for basis skileik med grunnarbeid, belysning og terrengetilpasningar utført av anleggseigarar med støtte frå prosjektet. I tillegg støtta prosjektet opp med kompetanse(Erik Aas Andersen, Magne Sørestrand og Odd Rolland) for utforming av aktivitetsområdene med snø for utprøving av preparering og aktivitetskveld. På grunn av den dårlege vinteren med snømangel fekk ikkje anlegget på Sjusete oppfølging på vinteren med snø. For anlegget på Korlevoll, var Erik Aas Andersen frå NSF til stades og bidrog til utforming av området som Korlevoll hadde tilrettelagt.

- Medarrangør for telenorkarusell på Gullbotn i lag med Gullfjell IL.
- Sonebesøk i Kvinnherad.
- Rekrutteringssamling parapigging Myrkdalen.
- Trener- og foreldrekurs med Marianne Myklebust. Dette vart beklageleg avlyst grunna koronasituasjonen.
- Gjennom sesongen 2019-2020, så hadde skikretsen også ei rekrutteringsrenn - terminliste. Den innheldt fleire lavterskelrenn i dei ulike skigreinene. Me var i vinter særskild uheldige med manglande skitilhøve før mars månad, på mange av dei skianlegga med hadde planlagt arrangement. Det førde til avlysningar av dei fleste lavterskelarrangementa. Liknande tiltak er ynskjeleg å prioritere for komande sesong.

Komiteene i Hordaland skikrets har også vært med å arrangere mange bredde og rekrutteringsarrangement i perioden.

Skiforbundets har ressurspersoner som me har hatt glede av gjennom vinteren. Dei har vore med på følgende prosjekt/tiltak i perioden:

- Prosjektet «1-2-3 ski i Bergen» eit prosjekt for å fremme utvikling av skianlegg i Bergen i samarbeid med NSF og skiklubbane i Bergen. Her har Marit Gjerland – anleggsrådgivar i NSF vore ein kontinuerleg ressurs i prosjektet. samarbeidspartnarar.
 - Erik Aas Andersen har vore med å bidratt til innhald på Korlevoll sitt skileik område. Dette gjennom synfaring og prepareringshjelp av området på vinterstid.
 - Grasrottenarkurs Fløyen: Her har Brit Baldishol vore ein tilretteleggjar og ressurs. Kurset vart etter to utsettingar avlyst grunna manglande snøforhold. Synd at dette fine initiativet ikkje førde til at me fekk arrangert det. Marit Bjørgen ville her vore med som ein ressurs. Skikretsen håpar at me får til dette ved eit seinare høve.
 - Kurs, kompetanse klubb - bistand: Eivind Gjeraker NSF freestyle har fylgt opp både anleggsdelen med rådgiving for basis skileikområde på Fløyen, tilrettelagt for utdanning av skiinstruktørar i freestyle og vore bidragsytar til oppretting av ny skiklubb i hordaland, Balder freeskiklubb.
-

Utdanning

I perioden har følgande kurs vore arrangert:

- Trener I kurs langrenn
- Trener II kurs langrenn
- Trener I kurs freestyle
- Trener I kurs freestyle
- Trampolinesikringskurs freestyle

Informasjon, markedsføring og kommunikasjon

Styret og administrasjonens viktigste informasjonsplattformer er heimeside, e-post og sosiale medier.

Eit tydeleg styre i skikretsen har også vore dyktige på å følgje opp - og vere både ein tydeleg samarbeidspartner og meiningsberer opp mot ulike organ det er naturleg å samhandla med. Dette innfattar: Norges skiforbund, Vestland Idrettskrets, Vestland fylke, Bergen kommune og Bergen idrettsråd. I tillegg har det vore god oppfølging og dialog med ulike interessegrupper for anlegg og arrangement og skiklubbar i fylket.

2020-2021

Koronasituasjonen

Sesongen for Hordaland skikrets, har også for 2020-21, vorte prega av restriksjonar knytt til korona-pandemien.

Breiddesamlingar

Haustens planlagte breiddesamlingar med overnattingar vart i stor grad endra til dagsamlingar i staden. Dette var eit kjærkome tilbod i tillegg til den lokale klubbaktiviteten, sjølv om dei planlagte helgesamlingane var ynskja.

Møter

Dei Nasjonale møta for våre lokale tillitsvalde vart ikkje gjennomført som planlagt grunna korona. Normalt vil både haustmøte og vårmøte for komiteane vere faste fysiske møter. Desse vart erstatta med diverse digitale møter i staden. Dette gjaldt også Skitinget 2020(juni 2021). Lokalt i Hordaland skikrets vart det også i stor grad innført digitale møter i komiteane og styret, som etter kvart også vart ein rutine for heile sesongen 2020-21.

Kretsrenn/arrangement

For sesongens terminliste lokalt, vart fyrste del av vinterens rennsesong gjennomført tilnærma normalt, sidan koronareglementet var innanfor det våre lokale tilpasningar kunne erstatte(2 kohortar med inntil 200 i kvar kohort). Dette vart endra undervegs og gjorde at 4 helgar frå midten av januar gjekk utan at det var tillatt å arrangere våre kretsrenn. Dette gjorde at den

mest aktive delen av vinteren passerte utan at me fekk gjennomført rennprogrammet. Dette var kjedeleg, sidan vinteren var fantastisk i denne perioden, med skiføre i heile Hordaland.

Nasjonalt gjekk eit begrensa rennprogram for toppidretten i dei ulike greinene. Her fekk nokre av utøvarane frå Hordaland deltatt, men dei større nasjonale arrangementa for 15 år – 20 år vart avlyste grunna dei nasjonale restriksjonane.

Styrearbeid

Det er avhalde 5 styremøte og 1 arbeidsutvalsmøte i perioden. Eit av møta var i Bergen medan resten var digitale møter. Administrasjonssjef har deltatt på styremøte/AU-møter.

Skikretsen arrangerte digitale haustmøter/fagmøter hausten 2020. Vårmøtene for våre greiner vart arrangert digitalt for alpint og langrenn, medan hopp og kombinert hadde fysisk møte i Bavallen.

Utval av saker som styret har prioritert i perioden:

- Rekruttering til skisporten. Styret beslutta å sette i verk eit rekrutteringsprosjekt som kombinerte både fagleg innhald og oppsøkande møter med klubbane hausten og vinteren 2020-2021. Anlegg, aktivitet og klubb utvikling var tema for prosjektet(Sjø arrangement).
- Anlegg: Ei prioritert oppgåve for styret har vore anleggsutvikling i Bergen og tilrettelegging for basis skileikanlegg rundt i Hordaland. Dette arbeidet har vore knytt opp mot anleggsutviklingsprosjektet 1-2-3 Ski i Bergen, og prosjekta: Utvikling av basis skileikanlegg med hopp- og kombinertkomiteen støtta av Hardangerstiftinga og rekrutteringsprosjektet skikretsen gjennomførte hausten og vinteren 2020-21, som hadde blant anna tema anleggsutvikling for rekruttering.
- Styret ynskjer òg ei ekstra satsing i aldersgruppa 13-16 år med aktivitets- og miljøtiltak. Dette for å motverke eit aukande fråfall.
- Saka om potensielt OL på Vestlandet. Styret i Hordaland Skikrets engasjerer seg ikkje i dette arbeidet og følgjer Idrettsforbundets prosess i forhold til avgjersle rundt potensielt framtidig OL i Norge. Skikretsen har prioritert arbeidet med lokale utfordringar i skisporten som i stor grad dreier seg om rekruttering og breiddearbeid i Hordaland.
- Fokus på breiddearbeid i NSF. Hordaland skikrets fremja, i lag med nabokretsane Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, ei sak på Skitinget juni 2021, om å etablere ei greinuavhengig avdeling som arbeider for breidde og rekruttering i Skiforbundet. Skistyret til NSF fremja under Skitinget ei eiga sak som dekkar i stor grad det saka vår skikrets var med å spele inn. Saka til skistyret, som styrkja både breidde og rekruttering i NSF vart einstemmig vedtatt. Dette er med å bekrefte at breidde- og rekrutteringsarbeid er vektlagt i neste periode både lokalt og nasjonalt.
- Skikretsen gjekk inn med kr. 10 000 i aksjekapital i Bavallsbakken AS
- Styreleiar har hatt jamnlege teamsmøte med dei andre skikretsleiarane og leiinga i NSF gjennom heile perioden.

Dei nasjonale møtene, som haust og vårmøter, samt skitinget, vart alle arrangert som digitale møter for perioden hausten 2020 og våren 2021. Dei tillitsvalde i Hordaland skikrets har difor ikkje hatt reisevirksomhet for skikretsen i denne perioden.

Administrasjon

Administrasjonssjef har ansvar for alle fellesarrangement, fellesreiser, administrasjon av terminlister, informasjon til TD'er og klubbar, tilrettelegging av styremøte og komitémøte, trenarkurs etc.

Under sesongen 2020-21, så har koronarestriksjonane gjort at året har vore annleis med tanke på planlegging og gjennomføring av arrangement, samlingar og møter. I stor grad har både nasjonale og lokale tiltak ført til at ein i stor grad har vore tvungen til å tilpasse og justere planane undervegs gjennom sesongen. Dette innanfor møteform, som i stor grad har vore digital, arrangement, som har krevd både felles planlegging med klubbane og avlysningar/flyttingar av arrangement for å kunne gjennomføre innanfor regelverket, og til slutt også tilpassing av samlingar og renn, som har gjort at dagsamlingar har vorte arrangert i staden for tradisjonelle helgesamlingar som opprinneleg planlagt.

Økonomi og sponsorarbeid

Skikretsen har som følge av koronarestriksjonane hatt ein lavare aktivitet. Dette har gjort at reisebudsjetta for både nasjonale møter og nasjonale renn har vorte kutta for sesongen og rekneskapsåret. Når det i tillegg har vorte ein sterk reduksjon i omfang av kretssamlingar, kretslag og reiser til nasjonale renn for skikretsen, så har det gjeve eit solid plussresultat. Det er ikkje eit mål for skikretsen å bygge meir eigenkapital, men det er positivt for klubbane at skikretsen har eit godt økonomisk fundament å bygge på dei neste åra.

For rekneskapsåret 2020 gjekk skikretsen totalt med eit plussresultat på ca 225000,- Dette bygger eigenkapitalen til skikretsen, som nå er over 1 million.

Inntektene kjem i stor grad gjennom overføringar frå skiforbundet, medlemskontigent frå klubbane, støtte frå idrettsforbundet(idrettskrets), tildelt pott av overskot frå bingoentreprenør Max spill AS og momskompensasjon basert på skikretsens omsetningstal. Skikretsen har inntekter på antal startande løparar i terminfesta renn. Dette vert fakturert rennarrangørane som deltakaravgift. Dette er midlar som går direkte til dei aktuelle greinkomiteane.

Sidan kretsaget i langrenn vart lagt ned for sesongen 2020-21, så vart det for rekneskapsåret ikkje noko sponsorinntekter til skikretsen. Hopp- og kombinert har nokre samarbeidspartnarar som gjev inntekter til deira komite. Det har difor for rekneskapsåret i staden for sponsorinntekter vore stort sett økonomisk støtte frå allmennyttige formål. For rekneskapsåret 2020, gjaldt dette støtte til etablering av basisanlegg i Hardanger for med støtte frå Hardangerstiftinga og støtte ti rekruttering til langrennsporten frå Sparebanken Vest.

Arrangement

Hordaland skikrets har vore arrangør og medarrangør på fleire ulike arrangement i inneverande periode. Her kan nemnast:

- Kick off i Dale – Open treningsdag for rekruttar og 11- 15 år og rulleskirenn. Langrenn
 - Mini Haustcampen 2020 – Dagsamling med ca 40 deltakarar mellom 11 og 15 år. Langrenn.
 - Rekrutteringssamling parapigging Bergen okt. 2020 med besøk frå NSF med Anne Ragnhild Kroken.
 - Jentesamling på Totland og Fanahytten med trenerbesøk av Tove Andersen frå Oslo skikrets.
-

For krets- og FIS-renn, sjå komiteane sine årsmeldingar.

Komiteene i Hordaland skikrets har også vært med å arrangere mange breidde og rekrutteringsarrangement i perioden. Dette i samarbeid med klubbane spreidd rundt i fylket. Spesielt må nemnast Hopp- og kombinert, som verkeleg har løfta standarden på anlegg og treningstilbod rundt i Hordaland. Klubben Gullfjell IL har i denne perioden restaurert/gjenopna og vidareutvikla bakketilbodet, samt etablert eit treningstilbod, som har rekruttert nye medlemmer i klubben. Medan dugnadsgjengen i Bavallsbakken, med Magne Sørestrand som leiar, har no så godt som slutført ei omfattande opprusting av anlegget, som har pågått med eit uttal dugnadstimar over fleire år. Imponerende arbeid på begge stadar, som betyr veldig mykje for grunnlaget for hoppporten i Hordaland.

Nasjonale arrangement i skikretsen

Hordaland skikrets var i desember 2020 vertskap for NC i Randonee, når IL Viljar inviterte til vel gjennomført NC i Myrkdalen.

I februar var Vossaklubbane vertskap når Hopp gjennomførte NC for senior og NM for junior i Bavallsbakken. Under krevjande føreforhold laga arrangøren til eit flott arrangement, som også gav bakkerekord på 109,5 meter.

Andre arrangement gjennomført av skikretsen:

Rekrutteringskveldar i Hordaland. Dette var eit viktig prosjekt for Hordaland skikrets hausten 2020 og vinteren 2021. Skikretsen inviterte alle laga til aktivetskvaldar med tilbod om treningsøker for utøvarar og rekruttar i dei ulike regionane etterfulgt av temakvaldar med fokus på rekruttering for klubbane sine leiarar, trenarar og foreldre. Her har både anlegg, treningsinnhald og klubbutvikling vore på plakaten. Følgjande deltakartal var med på temakvaldane:

Temakvaldar i sone		Deltakarar	
Stad	Dato	Rekruttøkt	Klubbutvikling
Odda:	20.okt	17	8
Kvam:	21.okt	26	14
Voss:	30.okt	34	14
Kvinnherad:	03.nov	32	13
Bergen:	Utsatt	0	0
Totalt		109	49

Gjennom vinteren skulle desse kveldane vore fulgt opp med klubbbesøk også på vinteren. På grunn av restriksjonane koronaen gav vart berre Voss fulgt opp med nytt besøk og oppfølging av haustens besøk. Her kom Marianne Myklebust – tidlegare ansatt i NSF og bidrog med både anleggsbefaring og kreativt treningsinnhald på snø for dei fremmøtte trenarane og for utøvarane etterpå.

Utdanning

I perioden har følgande kurs vore arrangert:

- Trener I kurs langrenn
- Trener II kurs langrenn
- Trener I kurs freestyle
- TD og arrangørkurs langrenn
- Arrangørkurs alpint

Informasjon, markedsføring og kommunikasjon

Styret og administrasjonens viktigste informasjonsplattformer er heimeside, e-post og sosiale media.

Styret har gjennom sesongen 2020-21 fortsatt arbeidet med ein raud tråd i forhold til prioritering av oppgåver. Styret har vore dyktige på å følgje opp både lokalt og nasjonalt der Hordaland Skikrets har vorte invitert inn til å kome med tilbakemeldingar på ulike saker.

Hordaland skikrets kan i større grad marknadsføre seg sjølve og ikkje minst klubbane, for å synleggjere aktivitetstilbodet som finnes i vår organsisasjon. Dette både gjennom lokale/regionale media og gjennom kanalar direkte til potensielt nye medlemmer. Dette vert ein viktig del av arbeidet i tida framover, sidan aktiviteten i siste periode har vore meir fragmentert og begrensa i perioden me nå legg bak oss.

Den 10. januar 2021 markerte 100 års jubileet til Hordaland Skikrets. Dette vart, grunna koronarestriksjonar, ikkje markert på dagen for jubileet. Dette vil verte markert den 10. januar i 2022 i staden. Informasjon om dette kjem til klubbane.

Styret Hordaland skikrets

14.08.2021

5. Langrennskomiteens beretning

Vedlegg 5



ÅRSMELDING LANGRENNSKOMITEEN SESONG 2019/2020

Langrennskomiteen (LK) har hatt følgende samansetning sidan juni 2019:

- Trond Slethaug, Fana IL (leiar) – valgt for 2 år i 2019
- Harald Tveito, Voss IL (medlem) – valgt for 2 år i 2019
- Emil Hosøy, Osterøy IL (medlem) – valgt for 2 år i 2019
- Kim Alexandra Krohn Runnane, IL Korlevoll-Odda (medlem) – valgt for 2 år i 2019
- Trond Lefdal, Fana IL (medlem) – valgt for 2 år i 2019

1. Komitearbeid

LK har hatt 3 møter sidan forrige vårmøte/kretsting. Ellers har me hatt korrespondanse på e-post og telefonkonferanse for uttak til ungdomsstafetten. Harald Tveito representerer LK si rolle i styringsgruppa i Team Veidekke Vest.

Leiar er med i styret i skikretsen og har deltatt på styremøtene der.

2. Kurs og Samlinger

Kurs

- Trener I kurs hausten 2019 og vinteren 2020 i Bergen og på Voss. 16 deltakarar.
- Trener II kurs starta opp hausten 2019 og vert fullført august 2020. Kurset har gått over 2 helgar på Sjusete og på Voss. 6 deltakarar.

Avlyst:

- Grasrottrenerkurs med Marit Bjørgen – Fløyen
- Aktivitets/ inspirasjonskurs med Marianne Myklebust – Bergen.

Kretssamlinger

- Kretssamling Osterøy 15-19 år
- Sumarcamp Jondal 12 – 15 år – juni
- Stordsamling 13-15 år – september
- Haustcamp Voss 11-15 år - september
- Jentesamling på Fanahytten i oktober

Eldre junior/senior med eget samlingsopplegg. Sjå kretslag.

3. Kretscup/skirenn

Kretscupen vart noko amputert under årets sesong. Sidan sesongen vart avslutta med korona-situasjonen, før finalehelga med Vestlandske skistemne, så vart kretscupen teljande til og med Tour de hardanger. Det har vært en ustabil snøvinter under sesongen. Nokre renn vart flytta i terminlista på grunn av manglende snøforhold. Kvammasprinten og Samnangerrennet vart avlyste grunna manglende snøforhold og den nemnde koronasituasjonen førte til avlysing av dei tre siste langrennskonkurransane på vår terminliste. Samla sett har sesongen vore krevjande med dei ulike utfordringane me har vore gjennom. Den planlagte premieutdelinga for cupen har vorte utsatt og vil gjerast i starten på neste sesong.

Når det gjeld deltakartal, så ser me i skikretsen at det er ein dalande trend med tanke på talet startande under renna. Dette er signal på at me ikkje klarer å oppretthalde rekruttering eller halde på deltakarane lenge nok. Noko av årsaka heng nok saman med ein dårleg snøvinter i store delar av hordaland, men er også ein tilbakemelding på kva utfordringar me som skikrets må ta på alvor framover.

Resultat frå årets kretscup finn de på heimesida til Hordaland Skikrets:

<https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2020/3/kretscupen-samanlagt-2019-20/>

4. Nasjonale renn

LK er fornøgd med gjennomføring av fellesreisene og opplegget rundt de nasjonale rennene. Klubbane stiller opp med positive og engasjerte foreldre og friviljuge som gjer at utøvarane får gode opplevninger på dei nasjonale renna. Utan dei friviljuge kunne me ikkje ha organisert dette slik me gjer i dag. Så ei stor takk til klubbane og dei friviljuge som engasjerer seg i fellesskapet Hordaland skikrets.

Det er alltid områder som skikretsen og langrennskomiteen kan utvikle tilbodet og organiseringa av reisene på dei nasjonale renna, men foreløpig så ser me at det er god oppslutning og stort sett positive tilbakemeldingar. Me vil uansett justere opplegget basert på tilbakemeldingar og gode innspel. Her oppmodar me klubbane til å engasjere seg både på vårmøtet og det komande haustmøtet og kome med forslag til ev. endringar på vår praksis fram mot neste sesong.

5. Ungdomsstafetten

LK organiserte og føretok uttak til Ungdomsstafetten i Holmenkollen for klassane 15 og 16 år. Hordaland deltok også i år med to lag. Ungdomsstafetten får dekning på NRK og det er kjekt å kunne følge våre utøvarar på TV. LK støttar dette arrangementet økonomisk. Utøvarane betaler ein eigenandel på 2000,- og resten dekker langrennskomiteen. Dette utgjer ca 16000,- Me trur Ungdomsstafetten fungerer som en stor inspirasjon for unge og lovande

løparar i skikretsen. Reiseleiarane og støtteapparatet(foreldre), gjorde ein god jobb for utøvarane som reiste i lag med tog til Oslo.

Følgande løparar gjekk inn til særst sterke 11. og 17. plass under Kong Haralds ungdomsstafetten for Hordaland:

1. lag

Marie Hopsnes	Fana IL
Marcus Enes Seberg	Omvikdalen IL
Amalie Galaaen Røthe	Voss IL
Marius Flatabø	Vargar IL

2. lag

Emma Lefdal	Fana IL
Vegard Ragnhildstveit	TIF Viking
Marte Senderud Wæhle	Voss IL
Sondre Myking	Osterøy IL

Sjå sak frå Kong Haralds ungdomsstafett: <https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2020/3/god-innsats-under-kong-haralds-ungdomsstafett/>

6. Uttakskriterier

Uttakskriteriene for stafettar under junior-NM, Hovudlandsrennet og Ungdomsstafetten vart vidareført. De ser ut til å fungere bra.

7. Skipolitisk dokument

Komiteen vidareførte arbeidet med handlingsplan basert på skipolitisk dokument for perioden 2016 – 2020. Mykje av prioriteringane i handlingsplanen 2017 - 2019 vart vidareført også i perioden 2019 – 2021. Langrennskomiteen ønsker å prioritere å få gjennomført tiltaka som er beskrevet i handlingsplanen fram mot neste kretsting i 2021. Under sesongen 2019 – 2020, så ynskte LK å prioritere rekrutteringsarrangement under skisesongen. Dei terminfesta arrangementa vart avlyste grunna dårlege skiforhold under store deler av sesongen på dei aktuelle arena som var utpeikt. Med betre snøforhold vil både grasrottrenerkurs og rekrutteringsarrangement verta gjennomført neste sesong.

8. Informasjon

Hordaland skikrets si heimeside og facebookside med link til sakene på heimesida er dei viktigaste informasjonskanalane. Reiseleiarane på nasjonale renn for junior og på hovudlandsrenn/ungdomsstafett nyttar facebook som informasjonskanal i forkant og under kvart arrangement med oppretting av grupper. Langrennskomiteen og administrasjonen nyttar også i stor grad e-post til informasjon og oppdateringar rundt arrangement, treningssamlingar og renn.

9. Økonomi

Langrenn er den avdelinga i skikretsen som har høgast omsetning. I 2019 var omsetninga til langrenn 1364971,- Året 2019 gav eit minus på 26572,- Det er ønskeleg med eit nullresultat, men på bakgrunn av omsetnadstala og at skikretsen ikkje har overføring av midlar frå administrasjon til avdelingar, så er økonomien i langrenn forsvarleg for skikretsen. Skikretsen gjekk totalt med eit plussresultat på ca 950000,- i 2019. Her ligg det både momskompensasjon som utgjorde ca 5,5% av 2018 totalomsetninga på 2500000,- og andre overføringar i 2019 mynta på aktivitet. Med tanke på generering av inntekter, spesielt med tanke på momskompensasjon, så vil det vere naturleg at noko av plussresultatet vert tilgodesett gjennom langrenn sitt budsjett.

10. Team Veidekke Vest

Hordaland Skikrets er medeigar i regionlaget Team Veidekke Vest i lag med Agder og Rogaland Skikrets, Sogn og Fjordane Skikrins og Norges Skiforbund. Team Veidekke Vest er ein sjølvstendig driftseining som ikkje i noko særleg grad gå på bekostning av drifta til langrenn for øvrig. Langrennskomiteen bidreg med ein eigenandel på kr 10000,- for kvar løpar fra Hordaland, medan skiforbundet sentralt står for mestedelen av driftstilskotet.

For Hordaland skikrets var desse utøverne med i sesongen 2019-20:

Eivor Vestrheim Skjerven	Bulken IL
Gaute Kvåle	Røldal il
Vebjørn Turtveit	Voss il
Karoline Simpson Larsen	Vargar IL

Målet er at laget skal vere en ressurs og inspirasjon for både løparar og trenarar i Hordaland Skikrets.

11. Kretslag

Langrenn har også i år hatt eit eige kretslag for eldre junior og senior. Og me har gjennomført gode treningssamlingar gjennom vår, sumar, haust og vinter der fokuset har vore på å få til gode møteplassar for trening med fokus på å bli bedre.

Det har vore arbeida godt både blandt friviljuge, støttespelarar og utøvarar for å kunne etablere dette. I tillegg så har idrettslaga vore velviljuge i samband med treningssamlingar og gjort at laget har kunnet tilby ein god samlingsplan med bla overnatting på Korlebu og Bergsdalen med gode prisar på overnatting og god hjelp undervegs på samlingane.

Laget har blitt trent av Bernt Rusten medan Eivind Blindheim, Sondre Tysseland og Emil Hosøy har vore med på enkelte samlingar. Dette har fungert veldig bra og utøvarane er fornøgde med tilbodet dei har fått gjennom skikretsen.

Under konkurransesesongen har Bernt Flesland og Øyvind Aasheim vore faste smørjesjefar Dette har fungert veldig bra. I tillegg har støtteapparatet bestått av fleire frå klubbane som har gjort ein viktig og god jobb for laget.

Når det gjeld det økonomiske rundt laget, så har det vore vesentleg med støtte frå sponsorar som har bidrege til at dette har vorte eit godt tilbod til våre unge satsande. Desse har vore:

Recover Nordic og **Inventura** som begge har bidrege med 25000,- til drift av laget. Tusen takk!

Deltakarane på årets lag var:

Kriatian Skjeldal Bulken IL

Skjalg Espeland Jondal IL

Erling Fagerbakke Fosse Voss IL

Eirik Aastvedt Osterøy IL

Sondre Hydle Viljar IL

Olve Ure Voss IL

12. Resultater

Hordaland har hatt mange gode resultater nasjonalt og internasjonalt i sesongen 2019 – 2020. Her er en oversikt over alle topp 30-plasseringer:

Resultat hordalandsløparar sesongen 2019/ 2020

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad	
Sjur Røthe	WC	5	World cup sammenlagt		
		2	World Cup distanse sammenlagt		
		7	50 km klassisk	Holmenkollen	
		5	15km klassisk	Lathi	
		9 (1, 4, 13, 7, 39, 9)	FIS Ski Tour	Sverige/ Norge	
		2	15 km fri	Falun	
			3	15 km + 15 km skiathlon	Oberstdorf
			4	15 km klassisk jaktstart	Nove Mesto
			3	15km fri	Nove Mesto
			4	Tour de ski	Val Di Fiemme
			6	15km +15 km skiathlon	Lillehammer
			8	jaktstart	Ruka

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Vebjørn Turtveit Voss IL	World Cup	12	15km+15km skiathlon	Lillehammer
	Norgescup	13	15 km fri	Veldre Sag
		22	15km klassisk	Veldre Sag
		23	30 km klassisk	Gålå
		23	15 km klassisk	Gålå
		2	15 fri	Gålå
	Skandinavisk cup	2	15km fri	Voukatti
		3	30km klassisk	Voukatti
Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Gaute Kvåle Røldal IL	World Cup	15	15km+15km skiathlon	Lillehammer
	Norgescup	12	15 km fri	Veldre Sag
		28	15 km klassisk	Veldre Sag
		22	30 km klassisk	Gålå
		7	15 km fri	Gålå
		10	15 km fri	Lygna
		3	15 km fri	Gålå
		6	15 km klassisk	Gålå
	NM	20	30km klassisk	Konnerud
		17	15 km fri	Konnerud
	Skandinavisk Cup	16	30km fri	Nes
		8	15 km fri	Voukatti
		30	30km klassisk	Voukatti
	Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse
Karoline Simpson Larsen Vargar IL	U- 23 VM	14	10km klassisk	Oberwisenthal
	NM	18	15km klassisk	Konnerud

		26	10km fri	Konnerud
	WC	28	7,5km+7,5km skiathlon	Lillehammer
	NC	15	10km klassisk	Veldre Sag
		3	15km klassisk	Gålå
		4	10km fri	Gålå
		10	10km klassisk	Lygna
		15	10km fri	Lygna
		4	10km fri	Gålå
		3	10km klassisk	Gålå
Namn		Renn/ kategori	Plass	Distanse
Eivor Vestrheim Skjerven	Scandinavisk cup	26	20 km klassisk	Voukatti
		21	10km fri	Voukatti
	NC	19	10km fri	Veldre Sag
		21	10km klassisk	Veldre Sag
		14	Sprint fri	Veldre Sag
		20	15km klassisk	Gålå
		30	10km fri	Gålå
		27	10km klassisk	Lygna
		21	10km fri	Lygna
		26	Sprint klassisk	Lygna
		9	10km fri	Gålå
		9	Sprint fri	Gålå
21	10km klassisk	Gålå		

Junior

Namn	Renn/Kategori	Plass	Distanse	Stad
Elias Mostrum Osterøy IL	Norgescup	26	10km klassisk	Lygna

Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Torjus Refsnes Osterøy IL	Norgescup	25	sprint	Holmenkollen
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Simen Engevik Stord IL	Norgescup	6	15 km fri	Holmenkollen
		4	Sprint fri	Holmenkollen
		26	10km fri	Lygna
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Daniel Dukstad Voss IL	Norgescup	10	15km fri	Holmenkollen
		14	Sprint fri	Holmenkollen
		7	10 km klassisk	Holmenkollen
		8	10km fri	Lygna
		21	10km klassisk	Lygna
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Bård Olav Steinsland Medhus Røldal IL	Norgescup	2	15km fri	Holmenkollen
		13	10km klassisk	Holmenkollen
		14	10km klassisk	Lygna
Torjus Klette Ørnar IL	Norgescup	11	15km fri	Holmenkollen
		9	sprint fri	Holmenkollen
		27	10km klassisk	27
		14	Sprint klassisk	Lygna
Namn	Renn/kategori	Plass	Distanse	Stad
Eskil Tveiten Voss IL	Norgescup	25	10km klassisk	Holmenkollen
Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Maria Hydle Viljar IL	Norgescup	3	sprint	Beitostølen
		18	Sprint fri	Holmenkollen
		28	5km klassisk	Holmenkollen
		18	5km klassisk	Lygna

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Tiril Vestrheim Skjerven	Norgescup	24	10 km fri	Holmenkollen
		29	1,5km fri	Lygna
Andrine Østervold Fana IL	Norgescup	12	10 km fri	Holmenkollen
		24	Sprint fri	Holmenkollen
		3	5km klassisk	Holmenkollen
		25	7,5km fri	Lygna
		12	Sprint klassisk	Lygna
		4	5km klassisk	Lygna

Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Ingrid Brattabø Osterøy IL	Norgescup	15	10km fri	Holmenkollen

G 15 distanse klassisk/ sprint fri

Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Einar Nicolai Gaard Storvestre TIF Viking	Hovudlandsrennet	21	5km klassisk	Nybygda
Marcus Enes-Seberg Omvikdalaen IL	Hovudlandsrennet	18	5km klassisk	Nybygda
		22	Sprint fri	Nybygda
Vegard Reiso Ragnhilstveit TIF Viking	Hovudlandsrennet	29	5km klassisk	Nybygda

Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Marie Hopnes Fana IL	Hovudlandsrenn	17	5km klassisk	Nybygda
		7	Sprint fri	Nybygda

Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Guro Femsteinvik Hålandsdal IL	Hovudlandsrenn	12	sprint	Nybygda
Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Amalie Galaen Røthe	Hovudlandsrenn	26	sprint	Nybygda
Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Sondre Myking Osterøy IL	Hovudlandsrenn	25	sprint	Nybygda

Nasjonale stafettar

Junior: AVLYST

Hovudlandsrennet

Jenter

NR 12 *Hordaland 1*

NR 28 *Hordaland 2*

NR 62 *Hordaland 3*

Gutar

NR 20 *Hordaland 1*

NR 44 *Hordaland 2*

NR 91 *Hordaland 3*

NR 106 *Hordland 4*

ÅRSMELDING LANGRENNSKOMITEEN SESONG 2020/2021

Langrennskomiteen (LK) har hatt følgjande samansetning sidan juni 2019:

- Trond Slethaug, Fana IL (leiar) – valgt for 2 år i 2019
- Harald Tveito, Voss IL (medlem) – valgt for 2 år i 2019
- Emil Hosøy, Osterøy IL (medlem) – valgt for 2 år i 2019
- Kim Alexandra Krohn Runnane, IL Korlevoll-Odda (medlem) – valgt for 2 år i 2019
- Trond Lefdal, Fana IL (medlem) – valgt for 2 år i 2019

13. Komitearbeid

LK har hatt 6 møter sidan forrige vårmøte. Ellers har me hatt korrespondanse på e-post og telefon. Harald Tveito representerer LK si rolle i styringsgruppa i Team Elon Vest. Leiar er med i styret i skikretsen og har deltatt på styremøtene der.

Permittering adm. sjef Hordaland skikrets

I perioden 30. mars og fram til 1. august var adm. sjef fullt og delvis permittert. Dette gjekk ut over planlegging og oppfølging av lanrennskomiteens tiltak/prosjekt for sesongen som var. Med usikre forutsetningar rundt både korona og manglande adm. oppfølging, så vart nokre prosjekt med blant anna kretslag ikkje planlagt for i sesongen me har gjennomført. Komiteen vil berømme administrasjonssjefen for sin iherdige innsats i denne perioden, og ikke minst hans tålmodighet overfor NSF. Komiteen var sterkt kritisk og uenig i den prioriteringen NSF gjorde i forbindelse med permittering av adm. sjefer i kretsene.

14. Kurs og Samlinger

Kurs

- Trener I kurs hausten 2020 og vinteren 2021 i Kvam. 7 deltakarar.
 - Trener II kurs starta opp hausten 2019 og vert fullført oktober 2020. Kurset har gått over 3 helgar på Sjusete, Voss og Bergen 6 deltakarar.
 - TD og arrangørkurs – nettbasert med Torbjørn Broks Pettersen (Internasjonal TD)
 - Aktivitets/ inspirasjonskurs med Marianne Myklebust – Voss.
 - Jentesamling – Føredrag og møte med Tove Andersen – Fanahytten Bergen
-



Bilde frå Trener I kurs i Kvam. Tom Erling Halvorsen held gode kurs for skikretsen.

Møter

- Vårmøte langrenn - juni 2020
- Haustmøte langrenn – september 2020
- Arrangørmøte langrenn - gjennomføring av langrenn med covid-retninglinjene – desember 2020.

Kretssamlinger

Avlysingar:

Samlingssesongen vart prega av Covid-restriksjonane, som gjorde at langrennskomiteen ikkje fekk gjennomført breidde- og rekruttsamlingane ein normalt har arrangert dei siste åra. Det vart difor ein sesong der klubbane i større grad stod for aktivitetstilbodet til sine utøvarar. Dette har klubbane gjort på ein veldig god måte, med både lokale samarbeid og god klubbaktivitet gjennom sesongen.

Nokre dagsamlingar fekk langrennskomiteen arrangert som erstatning for nokre av dei vanlege breiddesamlingane me har hatt. Jentesamlinga på Fanahytten gjekk tilnærma som normalt.

Desse samlingane vart arrangert hausten 2020:

- Dagsamling Dale/Bergsdalen i august (rekruttøkt opp til 10 år)
- Dagsamling Haustcampen – Voss i september 11 – 15 år (rekruttøkt opp til 10 år)
- Jentesamling på Fanahytten i oktober (13 – 16 år)



Kjekt på Bømoen, sjølv om det vart ei dagsamling og ikkje den normale helgesamlinga.

15. Kretscup/skirenn

Kretscupen vart grunna covid-restriksjonane avkorta med mange renn i år, og som i fjor fekk me heller ikkje i år gjennomført ein finale. Covidrestriksjonane gav rom for å arrangere kretsrenn med inntil 200 i kohortar. Dette planla langrennskomiteen i lag med klubbane på ein god måte i forkant av sesongen. Det var difor med optimisme at sesongen starta med dei terminfesta renna fram til og med Ørnarstafetten 17. januar.

Etter dette gjorde ein endring i regelverket for koronahandtering det umogleg å gjennomføre renn før helga 27. – 28. februar. Dette gjorde at me mista 4 rennhelgar midt i «høgsesongen». At snøen la seg i heile Hordaland og at skiforholda var fantastiske i same perioden gjorde det både ekstra frustrerende med tanke på den gylne muligheten for å stimulera den lokale aktiviteten med tilbod om kretsrenn, samtidig som det sjølvstakt var gledeleg at det var ein periode med gode snøforhold for god lokal klubbaktivitet med supre skiforhold. Under årets sesong og i perioden med nedstenging av kretsrenn vart følgjande renn avlyst: Bulkarenn, Ulvikarenn, Vikingrenn, Fanarenn(utsatt og seinare avlyst), Kvammasprinten, Torefjellsrenn, Tour de Hardanger (vart erstatta av det flytta KM), Herresåsen rundt og Parkstafetten(erstatta av Parkrenn).

I tillegg vart det regionale samarbeidet med SørVest cup og meisterskap avlyst grunna restriksjonane. Dette skulle erstatta dei Nasjonale renna for dei aldersbestemte klassane.

Langrennskomiteen brukte mykje tid med klubbane for å endre og planlegge for alternative terminlister undervegs i perioden, med håp om at det kunne opne for kretsrenn på kort varsel. Dette var krevjande for både klubbane og langrennskomiteen.

Det var allikevel gledeleg at ikkje sesongen vart avslutta med restriksjonane, men at det vart opna for aktivitet frå laurdag 27. februar. Dette gav nokre gode konkurransar for våre utøvarar før det vart strengare tiltak gjeldane for perioden etter påske, som nok ein gong gjorde at det utsatte kretsrenn Fanarenn, som skulle vore finale, vart avlyst.

Når det gjeld deltakartal, så er det fråmleis ein dalande trend, men det er ikkje så bratt dalande som det har vore innanfor den siste 6 – 7 års perioden. Det vart ein god vinter for heile Hordaland med mykje snø og godt skiføre i spesielt slutten av januar/februar og den lokale aktiviteten har vore god, så langrennskomiteen håpar at det er lagt eit godt grunnlag for både rekruttering og auka deltaking dei neste åra.

Resultat frå årets kretscup finn de på heimesida til Hordaland Skikrets:

<https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2021/3/kretscupen-i-langrenn-samanlagt/>

16. Nasjonale renn

Sesongen og rennprogrammet for dei Nasjonale renna med dei ulike meisterskapa vart sterkt redusert med tanke på Covidrestriksjonane. Det førde til at dei Nasjonale renna for juniorane, Hovudlandsrenn og Kong Haralds ungdomsstafett vart avlyste.

Det vart gjennomført Norgescup for senior, men den innebar også begrensningar i kven som fekk delta. Dette var basert på den tvungne toppidrettsdefinisjonen langrenn måtte nytte. Dette innebar at kun dei med under 90 FIS punkter(menn) og kunne delta på Norgescup og Norgesmeisterskap i sesongen 2020/21.

17. Skipolitisk dokument

Komiteen vidareførte arbeidet med handlingsplan basert på skipolitisk dokument for perioden 2016 – 2020. Mykje av prioriteringane i handlingsplanen 2017 - 2019 vart vidareført også i perioden 2019 – 2021. Langrennskomiteen har hatt eit ønske om å prioritere tiltaka som står beskrevet i handlingsplanen, men under årets sesong vart det ikkje så lett å gjennomføre alt det ein kunne ynskje. Kretslaget og samarbeid med nabokretsane utgjekk under årets sesong. Dette er beklageleg. I tillegg vart det mykje mindre breiddesamlingar enn planlagt. Rekrutteringsarbeid er viktig for langrennskomiteen og dette skulle ein gjerne fått gjort meir av. Herunder tiltak i sone og lavterskel arrangement.

Det vart allikevel gjennomført mykje av det langrennskomiteen hadde som mål. Dei planlagte kursa med fullføring av Trener II, Trener I kurs i Kvam, TD- og arrangørkurs (webbasert) og nokre kveldar med lavterskel langrennstrening på «Rekrutteringskveldane», som vart arrangert i Kvinnherad, Kvam, Voss og Odda. Fleire lokale tiltak var planlagt, men måtte avlysast grunna restriksjonane.

For perioden fram mot nytt Kretsting vil langrennskomiteen starte arbeidet mot ny handlingsplan fram mot neste kretsting i 2023. Sitjande langrennskomite meiner at rekruttering til langrennsporten er viktig for komande periode. Noko som vil poengterast i denne planen. Innspel rundt dette arbeidet er viktig å få bidrag frå klubbane på framover.

18. Informasjon

Hordaland skikrets si heimeside og facebookside med link til sakene på heimesida er dei viktigaste informasjonskanalane. Langrennskomiteen og administrasjonen nyttar også i stor grad e-post til utsending av informasjon og oppdateringar rundt arrangement, treningsamlingar og renn. Våre haustmøter og vårmøter er viktige møteplassar for skiklubbane og er vesentlege for å få innspel i arbeidet til langrennskomiteen med tanke på gode idear og konkrete tilbakemeldingar rundt dei planlagte tiltaka gjennom sesongen.

19. Økonomi

Langrenn er den avdelinga i skikretsen som har høgast omsetning. For året 2020, vart det allikevel eit stort omsetningsfall grunna manglande nasjonale renn mot slutten av sesongen 2020 og starten på 2021. I tillegg vart det ikkje noko kretslag for sesongen 2020/21, som gjorde at det ikkje vart noko omsetning der. Sumarcampen vart heller ikkje gjennomført, som bidreg til totalomsetninga i langrennsavdelingen. Året samla gav ei omsetning på 861000,- det vart eit 0-resultat (-850,-).

Langrenn sine inntekter for året 2020 var: Deltakaravgifter på 51000,- basert på deltaking under våre kretsrenn, tilskot frå NSF langrenn på 30000,- for lavterskel arrangement – rekruttering og støtte til gjennomføring av trenarkurs og støtte frå Sparebanken Vest for rekrutteringstiltak i skikretsen.

Langrennskomiteen nytta det økonomiske tilskotet til eigenandelar Team Elon Vest, gratis rekrutteringsdagar med treningsamling og rulleskirenn i Bergsdalen/Dale, Voss(mini

Haustcamp) og Jentesamling på Fanahytten. I tillegg nytta langrenn seg av støtta frå NSF langrenn trener I kurs i Kvam. Her var det 7 deltakarar. Det vart brukt midlar til å løne instruktørar og oppfølging av eldre junior/senior tidleg på vinteren 2020. Noko bidrag til dei Nasjonale renna som vart gjennomført og noko tap knyta til dei renna som ikkje vart arrangert(overnattingskost på avlyste renn. Spesielt).

20. Team Elon Vest

Hordaland Skikrets er medeigar i regionlaget Team Elon Vest i lag med Agder og Rogaland Skikrets, Sogn og Fjordane Skikrins og Norges Skiforbund. Team Elon Vest er ein sjølvstendig driftseining som ikkje i noko særleg grad skal gå på bekostning av drifta til langrenn for øvrig. Langrennskomiteen bidreg med ein eigenandel på kr 10000,- for kvar løpar fra Hordaland, medan skiforbundet sentralt står for mestedelen av driftstilskotet.

For Hordaland skikrets var desse utøverne med i sesongen 2020-21:

Eivor Vestrheim Skjerven	Bulken IL
Gaute Kvåle	Røldal il
Vebjørn Turtveit	Voss il
Karoline Simpson Larsen	Vargar IL

Målet er at laget skal være en ressurs og inspirasjon for både løparar og trenarar i Hordaland Skikrets.

21. Kretslag

Sidan adm. vart permittert og utsiktene for kva ein kunne planlegge av samlingsaktivitet var usikre, så vart det ikkje planlagt noko reint kretslag for sesongen 2020/21.

Langrennskomiteen har allikevel fulgt opp aktuelle i aldersgruppa eldre junior og senior på samling i forkant av og i starten på sesongen. Dette har ikkje vore organisert som eit kretslagstilbod, men meir som eit tilbod om oppfølging av løparar som har trengt dette. Emil Hosøy var på både Beitostølen og Gålå i november/desember og fulgte opp løparar i tillegg til oppfølging av enkeltløparar gjennom sesongen.

Under konkurransesesongen har i stor grad apparatet til Team Elon Vest sørja for smurning av ski for våre seniorar, sjølv om dei ikkje har vore med på laget. Dette har vore heilt nødvendig sidan det har vore kvotar på antalet i støtteapparatet under sesongen. Difor har regionlaga spelt ein større rolle for eigarkretsane denne sesongen. Det har fungert bra og løparane har fått god oppfølging gjennom det godt organiserte regionlaget.

22. Resultater

På bakgrunn av koronarestriksjonane vart dei Nasjonale renna for aldersbestemte 15 år til og med junior avlyst denne sesongen. Hordaland har difor, i likhet med dei andre skikretsane, berre fått gjennomført lokale arrangement for desse aldersgruppene. Difor er resultatoversikten begrensa til Nasjonale renn for senior i sesongen 2020/21. Under følger ein oversikt oversikt over alle topp 30-plasseringer Nasjonalt og Sjur Røthe sine resultat også Internasjonalt med WC og VM:

Resultat hordalandsløparar sesongen 2020/ 2021

Navn	Renn/kategori	Plass	Distanse	Stad
Sjur Røthe Voss IL	VM	6	15km fri	Oberstdorf
		6	Skiathlon 15+15	
	World Cup	16	Ski tour Ruka	Ruka
		1	Stafett	Lahti
		2	Skiathlon 15+15	
		3	15 km fri	Falun
		5	15 km klassisk	
	NM	1	15 km fri	Trondheim
		3	Skiathlon 15+15	
	Norgescup	4	30km klassisk	Lygna
		1	15 km fri	
		2	15 km klassisk	Lillehammer
	Sesongopning	3	15 km fri	Beitostølen

Vebjørn Turtveit Voss IL	NM	21	15 km fri	Trondheim
		12	10km klassisk	
		20	skiathlon 15+15	
	Norgescup	29	15km fri	Lillehammer
		4	15km klassisk	
		26	30km klassisk	Lygna
		17	15km fri	
		1	15km fri	Førde
		3	15km klassisk	
		1	30km fri	Gålå
Sesongopning	16	15km fri	Beitostølen	

Gaute Kvåle Røldal IL	NM	22	15km fri	Trondheim
		12	Skiathlon 15+15	
	Norgescup	17	15km fri	Lillehammer
		14	15km fri	Lygna
		23	30km klassisk	
		15	15km klassisk	Førde
		15	15km fri	
		18	15km klassisk	Gålå
7	30km fri			

Karoline Simpson-Larsen	Norgescup	7	10 km klassisk	Lillehammer
		3	10 km fri	
Vargar IL	Sesongopning	4	10 km fri	Beitostølen
		6	10 km klassisk	

Langrennskomiteen - hordaland skikrets

1. juni 2021

6. Alpintkomiteens beretning

Vedlegg 6



Årsrapport Alpint hordaland – 2019/2020

- Alpintkomite:

Bård Seterås	Fana Alpin	Leder
Knut Kettermann	Voss Alpin	Nestleder
Arve Storlid	Samnanger IL	Medlem
Martin Sylvester-Davik	Tertnes Alpin	Medlem
Cathrine Spook	Odda IL	Medlem

1. Målsetting for alpintkomiteen

Målsetting / oppgaver for alpintkomiteen er å:

- Utarbeide terminliste for kretsen som understøtter rekruttering, bredde, og kvalifiseringsrenn
- Gjennomføre uttak til Telenorlekene (U14) og Statoil Hovudlandsrenn (U16)
- Tilrettelegge innkvartering og støtteapparat for løparar under nasjonale finaler.
- Fremje krets og regionsamarbeid
- Fremje rekruttering og trenerutvikling

2. Innleiing

Ein sesong som vart gjennomført som planlagt fram til koronasituasjonen førte til avlysningar frå 13. mars. Dette råka FIS-renna på Voss, der 4 renn vart avlyste som følge av dette. I tillegg vart dei viktige Nasjonale renna Telenorlekene, Hovudlandsrennet og NM avlyst som følge av pandemien. Nytt for sesongen var at Voss Alpin fikk Myrdalsfart inn på terminlista hjå NSF og status som nasjonalt breiddearrangement.

3. Møter

Alpintkomiteen i Hordaland har gjennomført 4 møter i perioden. 2 av møtene var digitale. Haustmøte på Voss vart arrangert 10. okotber.

4. Terminliste 2019/20

Alpintkomiteen har arrangert og/eller fasilitert følgende renn/treninger i sesongen: 2020

Dato	Renn/samling	Stad
9.-10.jan	Fellessamling -fart U10-U16	Ål
11.jan	KM super-g	Ål
12.jan	Super-g	Ål
25.jan	Bavallsrennet slalåm	Voss
26.jan	Bavallsrennet slalåm	Voss

08.feb	Jølsterrennet storslalåm	Jølster
09.feb	Jølsterrennet slalåm	Jølster
15.feb	Fanarennnet storslalåm	Voss
16.feb	Fanarennnet slalåm	Voss
07.feb	Tertnesrennet Slalåm	Eikedalen
08.feb	Tertnesrennet Storslalåm	Eikedalen

5. Kurs

Krets/AK arrangerte TD-kurs i desember 2019.

6. Sport

Kretsen har i inneverande sesong 20 FIS registrerte løpere i årgangane 1991 til 2003. Dei fleste av desse løparane er tilknytt skigymnas og andre undervisningsstadar som har tilrettelagt for alpintsatsing. FIS-løparane har i all hovudsak konkurrert i nasjonale FIS renn utanom Bjørnar Neteland (Fana Alpin) som har vore på landslaget og køyrd World Cup, Anna Bryn Mørkeset (Voss Alpin) som deltok i renn i Europacupen i Noreg og Sverige. Joachim Mjelde (Fana Alpin) køyrer FIS-renn i USA.

- Landsfinale/Telenorlekene 2020

Grunna Koronapandemien, så vart årets Telenorleker som skulle gått på Norefjell avlyst.

- Hovedlandrennet 2020

Hovudlandsrennet som skulle gått på Geilo og Ål, vart avlyst grunna koronapandemien.

7. Breidde

Samlingar:

- Klubbsamarbeid på Folgefonna med helge- og vekesamlingar frå mai til juli. Her organsierer klubbane trase og treningar saman, når klubbane har samling på same tid.
- Haustcampen på Voss i september. Her var det 8 alpinistar med frå klubbane.

Renn: I tillegg til dei faste kretsrenna, med ein klasse for kort løype for dei yngste, så gjennomfører klubbane sine lokale rekrutterings- og breiddearrangement.

Deltaking:

- Totalt 462 startande på kretsrenna arrangert i sesongen. Dette er fordelt på 6 renn denne sesongen.
- På idrettsregistreringa 2019 var det 838 medlemmer registrert under alpint. 467 av desse i alderen 6 – 19 år.
- FIS-liste. Det var 20 utøvarar på fis-lista for sesongen 2019-20. Dette er utøvarar som deltek på Internasjonale – eller fis-renn nasjonalt og er fødd i 2003 eller eldre.

8. Kretssamarbeid

Hordaland skikrets arrangerte i samarbeid med Sogn og fjordane, fartssamling og renn på Ål i Hallingdal. Treningane og renna vart arrangert 9. – 12. januar. Renna talde også KM Super-g for Hordaland. Denne samlinga er eit godt samarbeidsarrangement, som gjev godt utbyte både sosialt og sportsleg.

9. Rekneskap 2019

Økonomien for 2019 gav eit resultat for alpint på 52000,- i pluss. Overskotet er i stor grad basert på eit plussresultat på arrangementet fartssamlinga på Ål med KM i alpint. Inntektskildene til alpint er deltakaravgifter for deltaking i kretsrenn 19000,- i 2019 og arrangøroverskot for renn og samling arrangert av alpintklubbane i samarbeid. At det vart eit så stort overskot er også pga. lite reiseutgifter for alpintkomiteen for året 2019.

Årsrapport Alpint hordaland – 2020/2021

- Alpintkomite:

Bård Seterås	Fana Alpin	Leder
Knut Kettermann	Voss Alpin	Nestleder
Inge Frøland	Samnanger IL	Medlem
Martin Sylvester-Davik	Tertnes Alpin	Medlem
Cathrine Spook	Odda IL	Medlem

1. Målsetting for alpintkomiteen

Målsetting / oppgåver for alpintkomiteen er å:

- Utarbeide terminliste for kretsen som understøtter rekruttering, bredde, og kvalifiseringsrenn
- Gjennomføre uttak til Telenorlekene (U14) og Statoil Hovudlandsrenn (U16)
- Tilrettelegge innkvartering og støtteapparat for løparar under nasjonale finaler.
- Fremje krets og regionsamarbeid
- Fremje rekruttering og trenerutvikling

2. Innleiing

Etter ein vår og sommar med lite smitte og fantastiske treningsforhold på Folgefonna var forhåpningane til ny rennsesong høge og AK førebudde terminliste og arrangement som i ein normalsesong sjølv om me var budd på at lokale og nasjonale restriksjonar kunne sette ein stopper for noko av aktiviteten. Trening i perioden fram mot jul vart som planlagt i klubbregi og det blei mange gode samlingar for lokale alpinistar. I starten av rennsesongen vart det innført nasjonale regler for idretten og i periodar også lokale som gjorde konkurransar vanskeleg å gjennomføre.

FIS-renn fekk status som toppidrett og med nokre unntak vart heile terminlista som planlagt. Av lokale og nasjonale renn for dei yngste vart berre Bavallsrennet og Vestlandsmesterskapet gjennomført.

3. Møter

Alpintkomiteen i Hordaland har gjennomført 4 møter i perioden. 2 av møtene var digitale. Haustmøte på Voss vart arrangert 10. oktober.

4. Terminliste 2020/21

Alpinkomiteen har arrangert og/eller fasilitert følgende renn/treninger i sesongen 2020

Dato	Renn/samling	Stad
20.mar	Bavallsrennet storslalåm	Voss
21.mar	Bavallsrennet slalåm	Voss
	Vestlandsmesterskapet	
24.apr	Slalåm	Myrkdalen
	Vestlandsmesterskapet	
25.apr	SSL	Myrkdalen
07.mai	Myrkdalsfart	Myrkdalen
08.mai	Myrkdalsfart	Myrkdalen
09.mai	Myrkdalsfart	Myrkdalen

I tillegg arrangerte Voss Alpin FIS-renn 22. – 26. februar.

5. Sport/FIS

Kretsen har i inneverande sesong 19 FIS registrerte løpere i årgangane 1991 til 2003. Dei fleste av desse løparane er tilknytt skigymnas og andre undervisningsstadar som har tilrettelagt for alpintsatsing. FIS-løparane har i all hovudsak konkurrert i nasjonale FIS renn utanom Anna Bryn Mørkeset (Voss Alpin) som deltok i Junior-VM i Bansko Bulgaria i mars. Joachim Mjelde (Fana Alpin) køyrer FIS-renn i USA.

6. Kurs

AK arrangerte Arrangørmøte desember

7. Hovedlandsrenn og Landsfinale

- Landsfinale/Telenorlekene 2021

Grunna Koronapandemien, så vart årets Telenorleker som skulle gått på Norefjell avlyst.

- Hovedlandrennet 2021

Hovedlandsrennet som skulle gått på Geilo og Ål, vart avlyst grunna koronapandemien.

8. Breidde

Samlingar:

- Klubbsamarbeid på Folgefonna med helge- og vekesamlingar frå mai til juli. Her organiserer klubbane trase og treningar saman, når klubbane har samling på same tid.
- Haustcampen på Voss i september. Her var det 8 alpinistar med frå klubbane.

Renn: I tillegg til dei faste kretsrenna, med ein klasse for kort løype for dei yngste, så gjennomfører klubbane sine lokale rekrutterings- og breiddearrangement.

Deltaking:

- Totalt 261 startande på kretsrenna arrangert i sesongen. Dette er fordelt på 4 renn denne sesongen. Verdt å merke seg i oversikten er at nokre kommunar (spesielt Bergen) å forlate heimkommunen utan å gå gjennom testregime etterpå. Dette resulterte i noko redusert oppmøte på dei gjennomførte kretsrenna.

-
- På idrettsregistreringa 2020 var det 637 medlemmer registrert under alpint. 355 av desse i alderen 6 – 19 år.
 - FIS-liste. Det var 19 utøvarar på fis-lista for sesongen 2020-21. Dette er utøvarar som deltek på Internasjonale – eller fis-renn nasjonalt og er fødd i 2004 eller eldre.

9. Kretssamarbeid

Hordaland skikrets skulle arrangert det årlege samlingsamarbeidet med renn på Ål i Hallingdal. Dette vart uråd i år, på grunn av koronarestriksjonane.

Seint i sesongen vart det arrangert Vestlandsmeisterskap, der både deltakarar frå Sogn og Fjordane og Agder og Rogaland var med. Myrkdalsfart kunne også gjennomførast om enn ikkje som nasjonal NSF-breiddesamling. God deltaking frå Hordaland og Agder/Rogaland skikrets og eit særst vellukka arrangement.

10. Rekneskap 2020

For rekneskapsåret 2020 gjekk alpintavdelingen med eit overskot på 33000,-. Overskotet er i stor grad eit resultat av koronapandemien. Normalt bruker alpintkomiteen midlar til både telenorlekene, hovudlandsrennet og pre-camp i forkant av hovudlandsrennet. Normalt nyttar alpintkomiteen også nokre midlar til nasjonale møter. Desse vart omgjort til digitale møter gjennom heile 2020, slik at reise og overnattingskost ikkje vart som vanleg dette året.

7. Hopp- og kombinertkomiteens beretning

Vedlegg 7



ÅRSRAPPORT HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN 2019 -2021.

Medlem i Hopp og kombinertkomiteen for perioden:

Arnfinn Gjerstad Bulken IL, Odd Rolland Ulvik IL, Magne Sørestrand Eldar IL og Øystein Glistrup, Gullbotn IL - leiar for dommarutvalet (inkludert i komiteen frå 2020).

Aktivitet:

Prosjekt Basis skileikanlegg

Gjennom dei siste 2 åra har Hardangerstiftinga støtta, på ein framifrå måte, hopp- og kombinertkomiteen med utvikling av basisanlegg for skianlegg i Hardangerregionen. Komiteen med Odd Rolland , Magne Sørestrand, Bernt Rusten, med hjelp av Erik Aas Andersen og Marianne Myklebust, har planlagt og prøvd ut Basis anlegg på Korlevoll, Sjusete, Framnes og Gulbotn.

På **Korlevoll** var det i 2020 tre treningskveldar med deltakere : 32 på første kveld, 54 på andre kveld og 80 på tredje kveld.

Sjusete hadde lite snø i 2020 og noko betre i 2021. Der vart det i 2021 prøvd ut anlegget i kulde og snøperioden med frivillig leik i to hoppbakker og løyper. Rapportar derfrå seier stor aktivitet og tidvis «kø» i anlegget - særleg i helgane.

Gulbotn har brukt alle snødager til hyppig bruk av spesielt hoppbakkene med bruk av langrennski og utlån av hoppski med NN binding og hoppski , hoppstøvler for utprøving. I snitt har det vore frå 12 - 30 barn på kvar open treningskveld i anlegget . Treningsrenn i hopp og kombinert har vore arrangert både i 2020 og 2021. Gullbotn skianlegg er nå i gang med å legge plast i to småbakker på k 5 m og k 10 m

Framnes hadde 4 treningskvelder i 2020 med frå 10 - 22 aktive og 5 treningskvelder i 2021 med 18 -25 deltakere og like mange foreldre/ besteforeldre, som både deltakere i skileiken og medhjelpere ved behov. Framnes får nå plast i ny K 10 bakke og har oppgradert både K 15 og K 25 med profil og nye tilløp .

Voss ski og tursenter har laga plan for hoppbakker , basis skileik ,og langrennskross . Marianne Myklebust med fleire frå styret der har laga ein god plan som vi venter på i spenning skal fullføres – klar til vinteren 2021 -2022.

Alle desse anlegga, bortsett frå Gulbotn, har fått tilskot frå Hardangerstiftinga til sjølve utbygginga , eller fått tildelt utstyr til basis skileik innkjøpt av samme sponsormidler.

Gulbotn har fått god støtte økonomisk frå Sparebanken vest til bygging av både arenahus og oppgradering av hoppanlegget.

Lokale arrangement:

Vinteren både i 2020 og 2021 har vore vanskelege med ustabile og manglande snøtilhøve. Berre i korte periodar har dei to hovudanlegga for rennavvikling Tunåsen og Framnes vore klare til hopping. Berre Framnes har arrangert terminfesta krinsrenn : Både i 2020 og 2021 hadde Framnes renn med 18 deltakere i alder 7 -13 år . Alle desse deltok og i kombikross (hopp og krosslangrenn)

RAW AIR – kids : På slutten av sesongen 2020 hadde vi besøk av Tore Øvregård – hopp NSF på Framnes – der møtte 20 deltakarar.

For 2021 har HK laga ein eigen aktivtetsplan for sommar/ haust basert på plashopping, rulleski og løp i kombikrossen. I tillegg innlagt viktige element i basistreninga på desse oppsette samlingane.

Nasjonale arrangement:

LO – NC – NM junior

Hopp og kombinertkomiteen var delaktige som arrangører av NC Og NM Junior i Bavallen . Det tildelte NC rennet i 2020 blei avlyst grunna pandemien. Med grønt lys for arrangement i 2021 for NC – tok vi , etter førespurnad frå NSF hopp på oss både NM junior individuelt, lag og Mix lag. Eit arrangement med ny bakkerekord 109,5 m og mange nøyde løpere , trenarar og representantar frå NSF hopp.

For sesongenn 2021 – 22 så er LO – NC 2022 tildelt Bavallen – og NM kombinert junior i Tunåsen K 69 – om alt blir som oppsett.

Sindre Ure Søtvik:

Kombinertløparen frå Eldar avslutta ei lang karriere med sin beste sesong, samanlagt nr 3 i COC , ein seier og 4 pallplasser . Han beslutta å gje seg etter sesongen .-

Me takkar Sindre for ein flott karriere – med gode resultat både nasjonalt og i COC .



Sindre legg bak seg ein flott karriere illustrert med Sindre i svevet og på langrenn med det Norske flagget på lua.

Økonomi:

Hopp- og kombinertkomiteen omsatte for 85000,- i 2019 og hadde eit overskot på ca 500,-. For rekneskapsåret 2020 omsatte komiteen for ca 65000,- og hadde eit overskot på ca 16000,-. Midlane har dei to siste åra kun gått til lokale prosjekt og i stor grad knytta opp mot utvikling av basisanlegg eller skileikutstyr. Økonomien til Hopp- og kombinertkomiteen er i stor grad basert på prosjektmidlar og sponsorar som støttar med midlar til komiteen kvart år. Sponsorane som har bidrege til komiteens arbeid er XL-bygg og Seimen AS.

Hopp- og kombinertkomiteen Hordaland skikrets

Magne Sørestrand, leiar

8. Rekneskap

Vedlegg 8

RESULTATREKNESKAP 2019

Konto	Sum
Driftsinntekter	
3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri	86000
3410 Tilskudd fra NSF	77251
3440 Offentlige tilskudd for tjenester	164156
3480 VO-tilskudd	17138
3490 Gaver og frie tilskudd	150106,26
3915 Kursinntekter	36438,05
3920 Medlemskontingenter	173500
3930 Deltakaravgift	79200
3940 Egenandeler	1231363
3941 FIS – kontingent	49750
3948 Lotterier, bingo etc	30655
3950 Deltakerbetaling	315371,48
	2410928,79
Driftskostnader	
5000 Lønn til ansatte	-149104
5010 Lønn ikke oppgavepliktig	-91825
5990 Annen personalkostnad	-1190
6300 Leie lokaler	-50698,39
6310 Leie lokaler aktivitet	-1000
6570 Profileringsutgifter/klede	-87718,8
6580 Idrettsutstyr	-20312,5
6700 Revisjons og regnskapshonorarer	-29100
6800 Kontorrekvisita (Res)	-2754,59
6810 Datakostnad	-14969,89
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker etc	-2328
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	-30561,3
6900 Telefon	-6678,63
7100 Bilgodtgjørelse oppgavepl.	-17746,5
7110 Kilometergodtgjørelse oppgavefri	-64196,86
7130 Overnatting og bespisning	-1067995,3
7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig	-115173,41
7395 Øreavrunding	-0,05
7420 Gaver, fradragsberettigede	-64767,05
7430 Arrangementskostnader	-356307,59

7451 Støtte til idrettslag	-60000
7500 Forsikringspremier	-8430
7610 Kurs	-11867,69
7620 FIS Lisens	-53125
7770 Bank og kortgebyrer	-1849,7
7840 Tap på fordringer	-5750
	-2315450,2
Årsresultat 2019	95766,55

BALANSE 2019

EIENDELER

	Periodens start	Endring	Periodens slutt
Omløpsmidler			
1500 Kundefordringer	0	56454	56454
1509 Ikke reskontroførte kundefordringer	125637	-125637	0
1530 Forskuddsbetalte kostander	61210,9	27484,1	88695
1550 Observasjon dobbeltbetalte fakturaer for retur	0	-41363	-41363
1920 Bankinnskudd	591641,37	356356,56	947997,93
1926 Bank LK 9581.10.40801	2051,53	-2054,32	-2,79
1928 Bank Utvikl.kto 3480.51.184	1001,5	0	1001,5
1950 Bankinnskudd for skattetrekk	3373,5	5416	8789,5
	784915,8	276656,34	1061572,14
SUM EIENDELER	784915,8	276656,34	1061572,14
Egenkapital			
Egenkapital (innskutt og opptjent)			
2050 Annen egenkapital	-730602,79	0	-730602,79
Udisponert resultat	0	-95766,55	-95766,55
Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat)	-730602,79	-95766,55	-826369,34
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
2400 Leverandørgjeld	0	-69136,25	-69136,25
2409 Ikke reskontroført leverandørgjeld	-35793,9	20886,29	-14907,61
2600 Forskuddstrekk	-3360	-5416	-8776
2900 Forskuddsbetalt påmelding	-7713,11	-8786,89	-16500
2940 Skyldige feriepenger	-7446	7446	0
2960 Annen påløpt kostnad	0	-882,94	-882,94
2961 Almennyttige midler	0	-125000	-125000
	-54313,01	-	-235202,8

		180889,79	
		-	
Sum gjeld	-54313,01	180889,79	-235202,8
		-	
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-784915,8	276656,34	-1061572,14

RESULTATREKNESKAP 2020

Konto	Sum
Driftsinntekter	
3400 Spesielle offentlige tilskudd	149024
3410 Tilskudd fra NSF	123107
3480 VO-tilskudd	7700
3490 Gaver og frie tilskudd	178211,26
3915 Kursinntekter	13750
3920 Medlemskontingenter	174000
3930 Deltakaravgift	74300
3940 Egenandeler	682012
3941 FIS - kontingent	42250
3948 Lotterier, bingo etc	77342
3950 Deltakerbetaling	50704,22
Totale inntekter	1572400,48
Driftskostnader	
5000 Lønn til ansatte	-112000
5010 Lønn ikke oppgavepliktig	-58000
6300 Leie lokaler	-36201
6570 Profileringsutgifter/klær	-28111,75
6580 Idrettsutstyr	-7715
6700 Revisjons og regnskapshonorarer	-32153,69
6780 Lønn selvstendig næringsdrivende	-27750
6810 Datakostnad	-31118,5
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker etc	-2334
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	-9414,91
6900 Telefon	-8838,48
6940 Porto	-45

7110 Kilometergodtgjørelse oppgavefri	-37371,7
7130 Overnatting og bispising	-597756,53
7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig	-32614,96
7420 Gaver, fradragsberettigede	-13060
7430 Arrangementskostnader	-204996,45
7451 Støtte til idrettslag	-45000
7500 Forsikringspremier	-9031
7610 Kurs	-2000
7620 FIS Lisens	-47850
7770 Bank og kortgebyrer	-1671,75
Totale kostnader	-1345034,7

ÅRSRESULTAT 2020	227518,76
-------------------------	------------------

BALANSE 2020

EIENDELER

	Periodens start	Endring	Periodens slutt
Omløpsmidler			
1500 Kundefordringer	56454	60946	117400
1530 Forskuddsbetalte kostander	88695	-88695	0
1550 Observasjon dobbeltbetalte fakturaer for retur	-41363	41363	0
1800 Aksjer Bavallsbakken AS	0	10000	10000
1920 Bankinnskudd	947997,93	208584,97	1156582,9
1926 Bank LK 9581.10.40801	-2,79	0	-2,79
1928 Bank Utvikl.kto 3480.51.184	1001,5	3	1004,5
1950 Bankinnskudd for skattetrekk	8789,5	-8776	13,5
	1061572,14	223425,97	1284998,11
SUM EIENDELER	1061572,14	223425,97	1284998,11

EGENKAPITAL OG GJELD

Egenkapital

Egenkapital (innskutt og opptjent)

2050 Annen egenkapital	-826369,34	0	-826369,34
------------------------	------------	---	------------

Udisponert resultat
Udisponert resultat

0 -227518,76 -227518,76

Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat)	-826369,34	-227518,76	-1053888,1
---	------------	------------	------------

Gjeld

Kortsiktig gjeld

2400 Leverandørgjeld -69136,25 52682,56 -16453,69

2409 Ikke reskontroført leverandørgjeld -14907,61 14907,61 0

2600 Forskuddstrekk -8776 8776 0

2900 Forskuddsbetalt påmelding -16500 11843,68 -4656,32

2960 Annen påløpt kostnad -882,94 882,94 0

2961 Almennyttige midler -125000 -65000 -190000

2990 Annen kortsiktig gjeld 0 -20000 -20000

-235202,8 4092,79 -231110,01

Sum gjeld -235202,8 4092,79 -231110,01

SUM EGENKAPITAL OG GJELD -1061572,1 -223425,97 -1284998,1

9. Handlingsplan

Bakgrunn for Hordaland skikrets sin handlingsplan for komande periode:

Norges skiforbund vedtok nytt strategidokument for perioden 2021-2024 under Skitinget i juni. Overskrifta på dokumentet er Skiglede for alle og dokumentet skisserer følgende hovudmål for perioden:

1. Skiidretten skal gjennom aktiv rekruttering og helhetlig ivaretagelse av medlemmene stimulere til økt deltakelse i skiidretten.
2. Skiidretten skal tilby et aktivitetstilbud som inkluderer, er nyskapende og er tilrettelagt for alle.
3. Skiidretten skal skape en meningsfull frivillighet som er enkelt å bli en del av.
4. Skiidretten skal bli mer tilgjengelig ved å redusere barrierer for deltakelse.
5. Skiidretten skal gjennom langsiktig utvikling tilrettelegge for at utøvere når verdenstoppen, slik at Norges posisjon som verdens ledande skinasjon oppretthalden.
6. Skiidretten skal gå foran i klima- og miljøarbeidet ved å implementere praktisk gjennomførbare, offensive og effektive tiltak innen egen organisasjon og aktivitet.
7. Skiidretten skal sørge for en positiv utvikling av sporten ved hjelp av kompetanseheving og erfaringsutveksling, både nasjonalt og internasjonalt.

Prioriterte områder for skikrets innfattar områda: aktivitetsutvikling, anleggsutvikling og arrangementsutvikling. Dette dokumentet er ei rettesnor for arbeidet til styret og komiteane i lag med klubbane for perioden 2019 -2021.

Hordaland skikrets har i veldig stor grad hatt samanfallande prioriterte områder i den 2-års perioden me har vore igjennom. Områder som rekruttering, anlegg, klubb utvikling og breiddarbeid har vore prioritert, og vil vere i tråd med det nyleg beslutta strategidokumentet til NSF.

Hordaland skikrets vil med bakgrunn i strategidokumentet fortsette prioriterte områder også i neste periode. Detaljane og prioriteringane i våre eigne handlingsplanar vert arbeida med av den komande periodens nye tillitsvalde.